

Fagrappport for historie 2010

Tidlegare fagrappportar for historie har lagt vekta på haustsemesteret og på lågare grads emne. Årsakene til dette er fleire: Den sentrale rapporteringa er i januar/februar og at emna på master har undervisning organisert felles undervisning gjennom sju masterseminar og individuell rettleiing. For å bate på dette blei det i mai gjennomført vanleg emnerapportering for vårsemesteret og i år er det forsøkt ei eiga rapporteringsrutine for masterseminara. Ståle Dyrvik har også i 2010 organisert evaluering av dei fleste emna på lågare grad og med vekt på oversiktsemna. Ingvar Mæhle har til liks med hausten 2009 analysert resultat på begge oversiktsemna. Og evalueringane har blitt lagt fram og diskutert på fagmøter. Ståle Dyrviks årelange evaluering gjer at vi har eit særleg godt grunnlag for å vurdere både tilstanden i 2010, men også utviklinga over tid. Fagutvalet initierte også eit opplegg med tillitsmenn pr. emne, men slit med rekrutteringa. Men trass i dette klarte fagutvalet å levere midtveis-rapportar både i vår- og haustsemester.

Denne fagrappen har følgjande hovuddelar: Historie BA-emne, Midtausten-emne, "Programemne", Didaktikk-emna og til slutt Master. Deretter kjem "dei faste postane" etter malen og til slutt vedlegg: Dyrviks evaluering til slutt dei einskilde emnerapportane.

Oppsummering av fagkoordinator

Dyrviks analyse er oppløftande. Studentane har aldri tidlegare vore så fornøgd med undervisninga som i 2010, målt etter tilbakemeldingane på fagleg utbytte. Tilbakemeldingane syner at interessa til studentane er retta bort frå norsk historie. Særleg er responsen på europeisk historie og globalhistorie god. Populariteten til emnet HIS111 USA's historie over fleire år syner også at ikkje-europeisk historie rekrutterer godt. Spørsmålet som reiser seg er om vi bør redusere og nedprioritere norsk historie både tematilbud, i undervisninga (forelesingar) og i pensum. Det kan virke som studentane oppfattar at dei har fått "nok" norsk historie gjennom skuleverket. Vår utfordring blir dermed å kunne setje tema frå norsk historie i nye perspektiv og bruke grunnlaget dei meinar å ha frå videregåande skule. Studentane etterspør meir undervisning i form av oppgåveskriving og lærarstyrde kollokvier. Mange av dei emnesvarlege forstår studentane godt og har ulike forslag til tiltak. Historie må våren 2011 diskutere korleis vi kan organisere meir skriving og seminar/kollokvie-undervisning.

BA: Historie 100 og 200-emne

De to oversiktsemna HIS101 og HIS102 hadde i 2010 kring 260 kandidatar. Fråfallet var høgst på HIS102 med 27%, medan strykprosenten var litt høgare på HIS101 (18% mot 15% på HIS102). Totalt sett gjev det om lag 160 uteksaminate kandidatar med stå-karakter på begge emna. Strykprosenten har vore fallande på HIS101 dei to-tre siste åra og tiltaka som har vore gjennomført i denne perioden ser derfor ut til å gitt resultat (jfr. Mæhles rapport og tilbakemelding for HIS101).

Fordjupingsemna med mappevurdering HIS113 og HIS115 har ein strykprosent på 20%, fråfallet var størst på HIS113 (28%). Dei emneansvarlege rapporterer om få problem, berre visse problem med å få pensum tilgjengeleg til semesterstart. Fordjupingsemna med mappe får generelt særskilt gode skusmål frå studentane.

Fordjupingsemna med skuleeksamen HIS114, HIS116, HIS240 og HIS260 har større fråfall en mappeemna, særleg gjeld dette HIS240 og HIS260 med fråfallsprosent på 38% og 35%.

Høgare fråfallsprosent på emne med skuleeksamen er venta, då emne utan eller få obligatoriske aktivitetar tiltrekker studentar som har "lause" planar for semesteret. Tilbakemelding frå studentane viser at dei vil ha kollokviegrupper eller seminarundervisning, såkalla seminarmodell også på fordjupingsemne med skuleeksamen. Vi har prøvd studentstyrde kollokviegrupper, men dei fell som regel i fisk. Studentane vil ha lærarstyrt eller lærarorganisert undervisning.

Det er likevel noko urovekkjande at dei to 200-emna har høgare fråfall enn 100-emna. Det kan vere to grunnar til dette. 100-emna har ein obligatorisk aktivitet i starten på semesteret og dette kan virke positivt i forhold til fråfall. Det andre er at i denne fasen av studiet har alt ein del studentar oppnådd nødvendige tal studiepoeng for BA-graden, og dei prioriterer HIS250 framfor 15 ekstra studiepoeng. Denne forklaringa er sannsynleg sidan HIS250 hadde like mange kandidatar som HIS260 på våren og som HIS240 på hausten. HIS250 hadde kun eit fråfall på 7%. Med opptak på master i historie kun om hausten kan det også bety at nokre studentar tek HIS240 om hausten og HIS250 om våren for så søkje om master på hausten. Men desse forklaringane er basert på kvalifisert synsing og vi bør avdekkje årsakene til at 200-emna har høgt fråfall.

Talet på uteksaminerte HIS250-kandidatar for 2010 var 50. Nokre av desse søkte nok opptak hausten 2010 og våren 2011 til master. Men med så låge tal for uteksaminerte HIS250 kandidatar i 2010 treng vi mange HIS250.-kandidatar våren 2011 for å kunne ta opp 40 nye masterkandidatar. Våren 2011 er det 53 oppmelde HIS250-studentar, altså meir enn heile 2010 tilsaman. Dette bør gi eit studentgrunnlag for masteropptaket hausten 2011.

Når det gjeld undervisninga på HIS250 så har det frå fleire av rettleiarane kome kritikk av retningslinjene for rettleiing av Bachelor-oppgaven. Det er særleg tilbakemeldingane og rettleiing på Kark generelt, men særleg i etterkant av 1. utkast som fleire har uttrykt misnøye med. I følgje retningslinjene skal rettleiinga etter 1. innlevering (utkast til oppgåve) i hovudsak skje på Kark og skal både innehalde tilbakemelding på utkastet, men også veiledning mot 2. innlevering. Det blir hevda at i denne fasen av veiledninga er ansikt-til-ansikt rettleiing langt meir å føretrekkje. Ofte sidan oppgåva er avgrensa og tilskoren og utkastet relativt lite i omfang.

Tabell 1 Kanidatar på historieemner, møtt, bestått og stryk

Emnekode	Program	Undervisning	Kandidatar	Møtt	Bestått	Stryk	Stryk %	Fråfall
DIDAHIS1	Didaktikk	Vår/Haust	30	28	28	0	0 %	7 %
DIDAHIS2	Didaktikk	Vår/Haust	33	29	29	0	0 %	12 %
HIDID111	Didaktikk	Haust	10	10	10	0	0 %	0 %
HIDID112	Didaktikk	Haust	6	4	4	0	0 %	33 %
HIS120	Didaktikk	Haust	9	9	9	0	0 %	0 %
HIS250	Historie BA	Vår/Haust	57	53	50	3	6 %	7 %
HIS102	Historie BA	Vår	261	191	163	28	15 %	27 %
HIS111	Historie BA	Vår	151	97	72	25	26 %	36 %
HIS115	Historie BA	Vår	54	44	35	9	20 %	19 %
HIS116	Historie BA	Vår	75	57	48	9	16 %	24 %
HIS260	Historie BA	Vår	34	22	19	3	14 %	35 %
HIS101	Historie BA	Haust	256	205	168	37	18 %	20 %
HIS113	Historie BA	Haust	78	56	55	11	20 %	28 %
HIS114	Historie BA	Haust	74	53	50	3	6 %	28 %
HIS240	Historie BA	Haust	29	18	17	1	6 %	38 %
HIS350	Historie Master	Vår/Haust	48	32	32	0	0 %	
HIS303	Historie Master	Vår	47	44	44	0	0 %	6 %
HIS304	Historie Master	Vår	30	25	25	0	0 %	17 %
HIS301	Historie Master	Haust	28	25	25	0	0 %	11 %
HIS302	Historie Master	Haust	29	25	20	5	20 %	14 %
HIM101	Midtausten	Vår	114	75	69	6	8 %	34 %
HIM102	Midtausten	Haust	102	69	58	11	16 %	32 %
HIM201	Midtausten	Haust	29	17	17	0	0 %	41 %
EUR103	Program	Vår	96	70	60	10	14 %	27 %
HEMB111	Program	Vår	37	29	27	2	7 %	22 %
MID101	Program	Vår	33	29	20	9	31 %	12 %
EUR101	Program	Haust	62	38	34	4	11 %	39 %
SAS13	Program	Haust	23	20	18	2	10 %	13 %
			1835	1374	1206	178	13 %	25 %

Didaktikk-emne

Historie har fem didaktikk emne. DIDAHIS1 og DIDAHIS2 i PPU-opplegget og HIDID111, HIDID112 og HIS120 på integrert lektorutdanning (IL). Studentane på HIDID111 og HIS120 er dei same, medan studentane på HIDID112 tilhører eit tidlegare kull. Sidan det var berre fire studentar på HIDID112 hausten 2010 blei undervisnings slått saman med undervisninga for DIDAHIS2. Dei to emna deler ein del av pensum, men HIDID112 er på 5 stp, medan DIDAHIS2 er på 7.5. Også obligatoriske aktivitetar, prosjektoppgåve og eksamen er noko ulik, men begge emna har skulepraksis. Oppleget fungerte men baud på utfordring (jfr. tilbakemelding samla under DIDAHIS2). Undervisninga på HIDID111 og HIS120 Solli) er samkjørt og opplegga fungerer godt. Emna har ikkje stryk, og dette skuldast den tette oppfølginga og relativt høge innsatsen pr. student på desse emna. Didaktikk-emna har klart mest undervisning pr. produsert studiepoeng, men sidan dette er profesjonsutdanning må det

vere slik. IL-programmet har hatt stort fråfall, og sidan våre emne (HIDID11x og HIS120) er relativt seint i utdanningsløpet har vi få studentar på desse emna. Det betyr at på våre emne i IL-programmet er det berre den harde kjerne av studentar igjen. Derfor lågt fråfall, låg strykprosent og gode karakterar på historie.

Midtausten

Midtausten-emna (HIM101 om våren, HIM102 og HIM201) om våren får gode tilbakemeldingar frå studentane, og emneansvarleg rapporterer få problem. Men fråfallsprosenten er høg. Dels kan dette skuldast at pensum blir oppfatta som vanskeleg (engelsk) og dels at emna har relativt lite undervisning, berre forelesingar. Emna er gjennomført på vanlig måte, og må reknas som vellykka, med normalt god oppslutning. Studentar ber om seminar, og sidan dette er eit omfattande emne der undervisningsbehovet nok er større enn dagens 14 forelesingar, bør ein vurdere å igjen støtte opp med seminar.

“Programemna”

Historie er involvert i ei rekke tverrfaglege emne- og programtilbod der nokre er administrert eller koordinert av andre fag eller institutt. Fagkoordinator på historie har bedt om tilbakemelding frå desse emna – uavhengig av administrativ tilknyting.

Historie-emnet HIS111 har hatt særskilt god tilstrøyming og våren 2011 er siste gang emnet går under USA-programmet. Emnet har fått god tilbakemelding frå studentane, men frammøtet på forelesing har vore skuffande lågt. Meir oppgåveskriving er etterlyst.

Historie vil få ei utfordring med å rekruttere fagpersonar til emnet då ein av lærarane (og eldsjel) vil bli pensjonist i 2013, medan den andre sentrale læraren er tilsett på timebasis.

SAS13 Scandinavian Area Studies har normalt 20-25 studentar kvar haust. Emnet har relativt lite undervisning, 12 forelesingar. Emneansvarleg foreslår å leggje inn tid til ein dagekskursjonar (museumsbesøk, omvisningar). Vi bør også vurdere å auke undervisninga m.a. med ei obligatorisk øvingsoppgåve eller kollokivegrupper. Mange av studentane har ikkje engelsk som første-språk slik at ei øvingsoppgåve vil styrke kandidatane og førebu dei til eksamen. Skriftleg arbeid (semesteroppgåve) vil også lette godkjenning av emnet for studentane. Enkeltstudentar har hevda dei treng karakter på eit skriftleg arbeid (semesteroppgåve?) for å få emnet godkjent av heimuniversitetet.

Sidan den faste emneansvarlege for EUR103 hadde forskingstermin våren 2010, blei EUR103 gjennomført med nye lærarkrefter og innleidde timelærarar våren 2010. I tillegg er deler av undervisninga også basert på innleidt timelærar i geografi-delen av emnet (pensjonert geograf). Utfordringa blir å sikre intern lærarrekrytering til emnet.

På EUR101 fekk problem med gjennomføringa av undervisninga på to forelesingar. Her må vi sikre informasjonsflyten mellom institutta (AHKR og ISP) slik at det blir betre tid til å erstatte forelesingar som av ulike årsaker går ut.

Både EUR103 og EUR101 hadde noko høgare fråfallsprosent enn gjennomsnittet, men ikkje unormalt for denne typen emne, dvs. fordjupingsemner med skuleeksamen. HEMB111 og MID101 har eg ikkje bede om tilbakemelding på.

Master

Historie har sju masterseminar som er organisatorisk ramme for to kursemne (HIS301, haustsemesteret, 1.semester) og HIS303 (vårsemesteret, 2.semester) og masteroppgåva

(HIS350). Eigne rapporteringsrutinar for masterseminara blei ad-hoc etablert i januar 2011, då vi har mangla slike.

Det føreligg rapportar frå tre av dei sju masterseminara (ikkje vedlagt ligg på P: under h2010) og i tillegg med bakgrunn frå eige seminar ser masterseminara ut til å fungere godt. Det normale er 9-12 seminar i løpet av semesteret og at studentane møter regelmessig. På grunn av forskingstermin, reiser og andre møte vil det ikkje passe for alle rettleiarane og møte alltid, men det ser også til at 2-3 rettleiarar møter i snitt. Eitt av seminara (Grønlie, Heiret, Ågotnes) er organisert med tre heildagsseminar i staden for faste vekseseminar.

Ikkje alle seminar praktiserer rein elektronisk distribusjon av manus i forkant av seminara. Distribusjon av manus pr. epost bør bli hovudregelen.

HIS302 og HIS304 har noko høgare fråfall enn dei andre kursemna. Dette kan ha samanheng med at desse emna ikkje er obligatoriske og kan bytast ut (HIS305 og HIS306). Det er derfor mulig at noko av fråfallet er fiktivt. Fråfall på HIS350 gjev ikkje meiningsdå ikkje alle HIS350-studentar er i eksamssemester, jfr. Tabell 1 over.

Dei faste postane

Utvikling av faget

I 2011 bør følgjande saker følgjast opp

1. Kva er årsakene til høgt fråfall på 200-emna (HIS240 og HIS260) og på Midtausten-emna (HIM101, HIM102 og HIM201). Og korleis kan fråfallet reduserast?
2. Korleis kan det organiserast meir undervisning (kollokviegrupper, seminar) for fordjupingsemne med skuleeksamen? Vil ein seminarmodell “light” vere eit alternativ? Bør opplegget vere frivillig.
3. Er HIS304 eit robust nok emne og bør det utvidast både i omfang, pensum og undervisning. Har vi få alternativ i vårsemester utan HIS306 (Høgskulen).
4. Bør emne med skuleeksamen men utan obligatoriske aktivitetar (SAS13, EUR101, EUR103, HIS111, HIS240 og HIS260) få t.d. obligatoriske øvingsoppgåver i starten av semesteret? Obligatoriske aktivitetar kan auke gjennomstrøyminga?
5. Korleis kan vi styrke dei sær populære emna EUR103 og HIS111
6. Endring i vekting av norsk, europeisk og ikkje-europeisk historie. Utvikling av tema og emne.
7. Revisjon av instruksar og rettleiingar for obligatoriske øvingsoppgåver og Bacheloroppgåva.

Praktisk gjennomføring

Ulike typar problem med kompedium og pensumlitteratur. På fleire emne har det vore smårokkeringar av forelesingane. Dette skapte i nokre tilfelle følgjeproblem som var vanskeleg å forutseie.

Strykprosent og frafall

(Vil ikke bli tilgjengelig før rapporten skal leveres. Legges ved fakultetets endelige utdanningsmelding)

Karakterfordeling

(Vil ikke bli tilgjengelig før rapporten skal leveres. Legges ved fakultetets endelige utdanningsmelding)

Ressurstilgang

Kva er meint med ressursar i denne samanheng? Det synest ikkje vere større problem med AV-utstyr, forelesingslokaler osb. Dei fysiske rammevilkåra synes å ha vore gode. Det er dukkar sjølv sagt alltid opp problem, men dette er kanskje uunngålig sidan undervisningsromma blir brukt av så mange personar?

Kommentar til studentevalueringene

Sjå under første del av rapporten.

Studentevalueringane har gitt oss fire utfordringar

1. Korleis få studentane til å lese meir, dvs. bruke meir tid på pensumlesing og lese pensum
2. Tilby meir oppgåveskriving. Dette gjeld emne som i dag er heilt utan øvingsoppgåver eller andre skriftlege arbeid, gjeld m.a. HIS111, SAS13, HIS240 og HIS260
3. Tilby meir kollokvie og seminarundervisning som er lærarstyrd eller lærarorganisert. Dette gjeld særleg emne med skuleeksamen, t.d. HIS114 og HIS116.
4. I kor stor grad skal interessene hos studentane styre undervisningstilbodet. Meir ikkje-norsk historie?

Studieinformasjon og dokumentasjon

Dei fleste forlesarane og emneansvarlege ønskjer å ha informasjon både på papir ("oransje heftet", "Det blå heftet") og elektronisk. Nokre få meiner kun elektronisk er tilstrekkeleg.

Tilgang til relevant litteratur

God. Ingen spesielle problem

Akademisk redelighet

Uklart kva som er meint med dette? Men vi hadde eit tilfelle med mistanke om fusk/uredelighet, men det var ikkje mulig å stadfeste dette ved hjelp verktøy ("Ephorus") m.m..

Studentaktiv forskning

På BA-nivå har dette vore lite aktuelt og det er heller ikkje diskutert i fagmiljøet i 2010

Internasjonalisering

Historie har ei rekke avtalar. Tre lærestadar er valt ut; Greifswald, Groningen og Southampton. Informasjonsmøte med studentar gjennomført i januar, men det synest som studentane har bestemt seg på førehand for lærestad i utlandet.

Historie tilbyd tre emne med undervisning på engelsk SAS13, EUR103 og HIS111. Utanlandske maste er rettleidd på fransk og engelsk.

Programsensor - hvordan følges programsensorrapporter opp

Per Bjarne Ravnå (Bodø) har sagt ja til å vere programsensor. Avtale blir sett opp i nærmeste framtid. Ravnå har stor tillit i miljøet og har vore mangeårig sensor på BA og Master.

Vedlegg

Dei vedlagte dokumenta og arbeidsdokument (malar, evalueringsplanar) ligg også på:
P:\TESTTRE\STUDIESAKER\Historie\Evaluering\v2010 og
P:\TESTTRE\STUDIESAKER\Historie\Evaluering\h2010
Tilbakemeldingane for tre masterseminar ligg også under
P:\TESTTRE\STUDIESAKER\Historie\Evaluering\h2010 men er ikkje teke med i dette dokumentet. Ingvar Mæhle samanlikning av HIS102 og HIS101 er lagt med emnerapporten for HIS101.

Ståle Dyrvik:

EVALUERINGAR PÅ HISTORIE HAUSTEN 2010

Til saman åtte studietilbod i historie vart evaluerte, medrekna to emne med koden HIM. Evalueringane skjedde mot slutten av semesteret, vanlegvis på siste ordinære førelesing. Dei siste ti minutta av dobbeltimen vart nytta til å fylla ut skjema, som vart innleverte ved utgangen. Det innebar i prinsippet at alle som var til stades i auditoriet, leverte skjema.

Tabellen nedanfor viser kor mange som deltok frå kvart emne. Tala på frammøtte studentar til eksamen er sett opp til jamføring. Her får vi eit bilet av i kor stor grad dei registrerte studentane våre fylgjer den vanlege undervisninga. Prosentdelen varierer frå 43 til 75, men ligg samla så lågt som 55.

Emne	Evaluerte	Studentar	% evaluerte
HIS 101	74	172	43
HIS 113 tema 1	20	29	69
HIS 113 tema 2	16	36	44
HIS 113 tema 3/5	6	8	75
HIS 114 tema 3	36	54	67
HIM 201 tema 4	10	15	67
HIS 240	12	16	75
HIM 102	44	66	67
SUM	218	396	55

Evalueringane hausten 2010 føregjekk, nett som våren same år, etter to modellar. I begge desse to semestera har oversiktsemna HIS 101 og 102 blitt granska med tanke på å studera interessene til studentane våre. HIS 101 vil derfor få ein særskild analyse her. Alle dei andre emna er blitt evaluerte med bruk av eit tradisjonelt spørjeskjema som sveipar over fleire sider ved studiet. I drøftinga av denne gruppa vil vi i denne rapporten leggja det meste av vekta på to ting: Først på korleis studentane vurderer det faglege utbyttet av emnet, og dinest på kva tilbakemeldingar studentane gir på pensum. Sjølv om dei fleste emneansvarlege har lese gjennom dei originale svarskjemaene, kan det vera nyttig med nokre statistiske oversikter og jamføringar emna imellom.

Data om fagleg utbytte vert tekne rett ut frå eit bestemt spørsmål i evalueringsskjemaet. Tabellen nedanfor syner korleis dei deltagande studentane fordeler seg etter vurderinga på dei sju emna utanom HIS 101, som vi straks kjem attende til. Dei samanliknbare resultata går fram av dei vekta gjennomsnittskarakterane i den siste kolonna. Dersom alle studentane hadde gjeve lågast mogleg karakter, ville dette talet ha blitt 1,00. Gav alle beste karakter, ville tilsvarande topeskåren enda på 4,00. Vi ser at studentane vurderer utbyttet frå 2,93 i det svakaste tilfellet til 3,33 i det sterkeste. Dette er eit jamnare og i snitt betre resultat enn i tidlegare evalueringar som det er råd å samanlikna direkte med.

Emne	Stort utbytte	Godt utbytte	Middels utbytte	Lite utbytte	Ikkje svar	Vekta snitt
HIS 113 tema 1	6	14	0	0	0	3,30
HIS 113 tema 2	3	12	1	0	0	3,13
HIS 113 tema 3/5	2	4	0	0	0	3,33
HIS 114 tema 3	8	23	5	0	0	3,08
HIM 201 tema 4	3	7	0	0	0	3,30
HIS 240	4	6	2	0	0	3,17
HIM 102	8	27	7	2	0	2,93
SUM	34	93	15	2	0	3,10

Synspunkta på pensum er kartlagde ved at studentane vert bedne om å oppgi den eller dei tekstane dei likte best og därlegast på pensum. Svara her kan lett føra til ei viss forvirring. Kva når same tekst opptrer på topp hos nokre studentar og på botn hos andre? Dette er eigentleg ganske naturleg ut frå studentane sine spesialinteresser, språkkunnskapar, arbeidsmåtar og generelle motivasjon for stoffet. Di meir samansett studentgruppa på eit emne er, di vanlegare vil slike tilsynelatande sjølvmotseiingar førekoma. Viktigare er spørsmålet om kva den emneansvarlege bør føreta seg med dei pensumdelane studentane vender tommelen ned for. Her er det to måtar å svara på: Anten erstattar ein tekstan med noko anna og betre, eller så syter ein for at dei kritiserte tekstane blir kommenterte og brukte meir aktivt i undervisninga, slik at studentane i det minste forstår kvifor dei står på pensum.

Studentane har altså sprikande og til dels kritiske holdningar til pensum. Når det gjeld undervisninga, har dei ei veldig positiv holdning til kunnskapar og engasjement hos førelesarane, sjølv om det iblant kan falla nokre kritiske kommentarar til formidlingsmåtan. Eg går ikkje inn på desse mindre detaljane, men nøyer meg med å konstatera at vi aldri nokon gong tidlegare har fått ei så samrøystes og positiv tilbakemelding på undervisninga i historie.

HIS 102

Kva er studentane interesserte i?

Den første ”interessemålinga” galdt HIS 101 hausten 2009, og det er tidlegare rapportert om den. Kjennskap til dei faglege interesseområda til studentane treng sjølvsagt ikkje vera starten på ei dreing av pensum og undervisning i same retning. Det kan også vera tale om ei opprusting av undervisningsinnsatsen på viktige fagfelt som studentane har mista motivasjonen for. Men korleis skal vi kunna avlesa denne motivasjonen? Ideen her var å spørja studentane kor interessant dei tykte emnet for den einskilde oversiktsførelesinga var. Men dette reiste to metodiske vanskar: Ville studentane hugsa og på ein korrekt måte kunna gjengi reaksjonane sine på over tretti ulike førelesingar? Og ville det vera mogleg for dei å skilja mellom emnet i seg sjølv og førelesarens evne til å levandegjera det? Røynslene frå dei to tidlegare undersøkingane var overraskande positive når det galdt det første problemet: Studentane hadde presise og nyanserte oppfatningar om den einskilde førelesinga. Men held ein dei ulike førelesingsemna opp mot kvarandre og jamfører studentreaksjonane på dei, kjem det fram visse utslag som ganske tydeleg indikerer at førelesarens prestasjon må ha påverka studentane. Denne kjensgjerninga må vi nok ta med oss inn i denne evalueringa også.

Oppstillinga nedanfor listar opp dei 31 vanlege førelesingane som vart gjevne på HIS 101 i haustsemesteret 2010. For kvar førelesing har studentane kryssa av i kolonne 0 dersom dei ikkje deltok på førelesinga. Dei som deltok, har kryssa av i kolonne 3, 2 eller 1. ”3” tyder ”svært interessant”, ”2” tyder ”middels interessant” og ”1” tyder ”lite interessant”. Tala i tabellen viser kor mange studentar som har landa på kvart svaralternativ. I kolonna lengst til høgre er det rekna ut eit vekta poengtal for interessa. Maksimalverdien dersom alle oppfatta emnet som ”svært interessant” ville bli 3,00, og minimumsverdien tilsvarande 1,00.

Førelesing	3	2	1	0	Poeng
1. Steinalderen	35	36	10	3	2,31
2. Bronsealderen	34	42	7	1	2,33
3. Jernalderen	34	40	6	4	2,35
4. Den antikke by I	37	31	11	5	2,33
5. Den antikke by II	36	34	9	5	2,34
6. Politiske systemer	33	30	15	6	2,23
7. Fra republikk til principat	32	33	14	5	2,23
8. Imperium Romanum	50	24	2	8	2,63
9. Den senantikke krisen	28	38	7	11	2,29
10. Østroma og arabernes verden	37	33	6	8	2,41

11. Politisk geografi 500-1500	19	41	16	8	2,04
12. Bønder, gods og føydalisme	23	43	11	7	2,16
13. Byutvikling i mellomalderen	24	47	9	4	2,19
14. Europeisk fjernhandel i mellomalderen	39	35	7	3	2,40
15. Seinmellomalderkrise	26	41	7	10	2,26
16. Mellomalderens styringsprinsipp	15	40	20	9	1,93
17. Den universelle kyrkja	30	36	13	5	2,22
18. Noreg blir ein mellomalderstat	26	28	18	12	2,11
19. Fyrstemakt og religion	22	35	15	12	2,10
20. Norden i seinmellomalderen	20	35	19	10	2,01
21. Dei store oppdagingane	67	11	1	5	2,84
22. Atlanterhavskonometri	51	22	8	3	2,53
23. Befolking og jordbruk 1350-1750	22	39	18	5	2,05
24. Merkantilisme og handelskapitalisme	18	40	12	14	2,09
25. Reformasjonar og religionskrigar	48	27	4	5	2,56
26. Politisk system i Frankrike	21	42	15	6	2,08
27. Politisk system i Storbritannia	30	31	9	14	2,30
28. Ledemot og lensstyre	15	36	27	6	1,85
29. Einevelde og embetsstyre	20	34	18	12	2,03
30. Krig og koloniar	39	28	2	15	2,54
31. Tid for globalhistorie?	42	33	9	0	2,39

Skårane i rekkja av førelesingar svingar frå 1,85 i botn til 2,84 på topp. Det er såleis heilt klart at studentkollektivet reagerer på klart varierande måte på dei temaene dei vert presenterte for. Problemet med å skilja tema frå førelesarprestasjon er alt nemnt. Men fleire vanskar føyer seg til. Førelesingstittelen røpar ikkje nøyaktig kva stoff som har vore gjennomgått, og dermed kan det bli vanskeleg å sikta interessene til studentane anna enn på nokre svært grove variablar. Det systemet som er lagt til grunn i denne analysen, er ei tredimensjonal tolking av kvar førelesingstittel: Temaet skal plasserast i tid, rom og sak. Tabellen nedanfor viser kva gjennomsnittspoeng som kjem fram når ein sorterer og grupperer førelesingane på kvar av desse tre dimensjonane.

TID	
Antikken	2,35
Mellomalderen	2,14
Tidleg moderne tid	2,30
ROM	
Noreg	2,00
Europa	2,22
Global ramme	2,46
EMNE	
Økonomi og næringsliv	2,24

Politiske tilhøve	2,15
Syntesar og lange liner	2,40

I tabellen ser ein først dei to verdiane på tidsvariabelen. Studentane uttrykkjer størst interesse for antikken, fylgd relativt tett av tidleg moderne tid og av mellomalderen. På den geografiske variabelen er det tre verdiar, nemleg Noreg, Europa og verda. Sjølvsagt treng ikkje den røynlege avgrensinga i geografien vera knivskarp – det er tale om hovudvekt. Vi ser med ein gong at den europeiske avgrensinga vekker større interesse enn den norske, og skilnaden er ganske klar. Det er ein tilsvarande auke i interesse når ein går vidare frå Europa til det globale. Emnemessig gjer studentane liten skilnad på økonomisk og politisk historie, medan førelesingar som tek opp store samanhengar og/eller lange liner skårar klart mest.

FORDJUPINGSEMNA, HIM 102 OG HIS 240

Pensummerknader HIS 113 tema 1

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
SarDesai	12	Malik	6
Schendel	6	SarDesai	1
Malik	4		

Pensummerknader HIS 113 tema 2

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
Canning	7	Canning	2
Hervik	4	Jones	1
Wickham	3		
Clanchy	2		

Pensummerknader HIS 114 tema 3

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
Raablaub	11	Lintott	16
Hansen	5	Robinson	3
Lintott	4	Hansen	2
Robinson	4	Finley	1
Whitby	4	Raablaub	1
Finley	3	Whitby	1

Cartledge	1		
Mæhle	1		

Pensummerknader HIM 201 tema 4

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
Vikør ("Mellom")	8	Hallaq	2
Mir-Hosseini	1	Peters	1
Layish	1		

Pensummerknader HIS 113 tema 5

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
Melvè	4	Freising	3
Ladurie	3	Dosse	3
		Sars	1

Pensummerknader HIM 102

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
Selvik	30	"Tunisia"	12
"Sudan"	6	"Sudan"	10
"Irak"	6	"Irak"	4
"Tunisia"	2	Marion	1

Pensummerknader HIS 240

BEST LIKT	Omtalar	MINST LIKT	Omtalar
Birkeli	2	"Johnsen"	1
Schimmelpfennig	2	Schimmelpfennig	1
Haug (Stv. domk.)	1		
Imsen	1		
Tobiassen			

Bergen den 3. februar 2011

Ståle Dyrvik

Status for emnerapportar vår og haust 2010

Emnekode	Emne	Emne-ansvarleg	Undervisningssemester	Er emnerapport levert?
DIDAHIS1		SEGS	Haust og vår	02.02.2011
DIDAHIS2		Inger Lise Sleire	Haust og vår	05.02.2011
EUR101		Jan Erik GridHeim	Haust	
<u>EUR103</u>	Europa etter 1945: ressursar, demografi, økonomi	Nils Kolle	Vår	-
HIDID111		SEGS	Haust	02.02.2011
HIDID112		Inger Lise Sleire	Haust	05.02.2011
<u>HIM101</u>	Oversikt over Midtaustens historie	Knut Vikør	Vår	27.05.2010
<u>HIM102</u>	Det moderne Midtausten 1880-2000	Knut Vikør	Haust	04.02.2011
<u>HIM201</u>	Fordjuping i Midtaustens historie	Knut Vikør	Haust	17.01.2011
<u>HIS101</u>	Oversyn over eldre historie	Ingvar Mæhle	Haust	24.01.2011 11.01.2011
<u>HIS102</u>	Oversyn over nyare historie	Frode Ulvund	Vår	11.06.2010
HIS108	Ingen undervisning vår 10			
<u>HIS111</u>	Oversikt over USA historie	Ståle Dyrvik	Vår	27.05.2010
<u>HIS113</u>	Fordjuping i eldre historie	Jan Oldervoll	Haust	-
		Sigbjørn Sønnesyn	Haust	25.01.2011
		Leidulf Melve	Haust	-
<u>HIS114</u>	Fordjuping i eldre historie	Ingvar Mæhle	Haust	24.01.2011
<u>HIS115</u>	Fordjuping i nyare historie	Tore Grønlie	Vår	27.05.2010
		Per Kr. Sebak	Vår	
<u>HIS116</u>	Fordjuping i nyare historie	Astrid Forland	Vår	
HIS120	Fordjuping	Arne Solli	Haust	31.01.2011
<u>HIS240</u>	Fordjupning i eldre historie	Eldbjørg Haug	Haust	20.01.2011
HIS250	Bacheloroppgåve i historie	Grønlie Sebak Vikør Dyrvik Kolle	Vår	
<u>HIS250</u>	Bacheloroppgåve i historie	Sønnesyn Vikør	Haust	25.01.2011
<u>HIS260</u>	Fordjuping i nyare historie	Svein Atle Skålevåg		04.02.2011
<u>HIS301</u>	Historisk forskingslitteratur	Masterseminar		Seminar 2, 4 og 7

<u>HIS302</u>	Historisk teori og metode	Leidulf Melve	Haust	-
<u>HIS303</u>	Historie: Forskingsproblem og kjeldearbeid	Masterseminar	Vår/Haust	Seminar 2, 4 og 7
<u>HIS304</u>	Teknikkar i historiefaget	Fagkordinator	Vår/Haust	
HIS305	Inga udervisning 2010		Haust	HIB
HIS306	Undervist HIB		Vår	HIB
HIS350	Masteroppgaven			Seminar 2, 4 og 7
SAS13		Wigdis Espeland	Haust	17.01.2011
Kark		Cecilie Boge Svein Sture	Vår	27.05.2011
Kark		Svein Sture		28.01.2011

Emnerapportar sortert etter emnekode

Moment	Merknader frå emneansvarleg
Emne (Kode+tittel)	DIDAHIS I / Historiedidaktikk for u-skulen
Emneansvarleg (Namn)	Sven-Erik Grieg-Smith
Vurderingselement	
1. Faglærers (emneansvarleg) vurdering av gjennomføring	
Praktisk gjennomføring	<i>Problem med pensum/kompendium?</i> <i>Nei</i>
Studieinformasjon og dokumentasjon. På papir kontra Miside?	<i>Tilbakemelding på "Oransje hefte"</i> <i>Tilbakemelding på MiSide</i> <i>I dag figurerer ikke emnet i det "Oransje hefte". Bør vi foreta ei endring her for å synliggjøre eigarforholdet til programmet?</i>
Tilgang til relevant litteratur	<i>Ok</i>
Kommentar til karakterfordeling og strykprosent	<i>Kullet var eit gjennomgående sterkt og aktivt kull. Karakterane avspeglar det.</i>
2. Faglærers (emneansvarleg) vurdering av rammevilkårene:	
Lokaler og undervisningsutstyr	<i>Ok</i>
Andre forhold: Forelesningsmateriale (Eks: PPT) i Fillager:	<i>Studentane får utdelt nødvendig materiale på førelesningane</i>
3. Faglærers (emneansvarleg)	<i>Sjå vedlegg frå studentane</i>

kommentar til evalueringar:	
Merknader til studentevalueringa	<i>Kommentarar/merknader til studentane si midtveis-evaluering</i>
Merknader til instituttets evaluering	
Oppsummering av innspill	
Evt. underveistiltak	
4. Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak.	Om du har planar om å endre temabeskrivelse, pensum og undervisning hausten 2011. (Endringar for emnebeskrivelse, sjå neste punkt) Inga endringsforslag
Endring av emnebeskrivelse?	<i>Medfører tiltaka endring av emnebeskrivelsen, i så fall kva for nokre</i>

Moment	Merknader frå emneansvarleg
Emne (<i>Kode+tittel</i>)	HIDID 111 / Historiedidaktikk for u-skulen / Integrert løp
Emneansvarleg (<i>Namn</i>)	Sven-Erik Grieg-Smith
Vurderingselement	
1. Faglærers (emneansvarleg) vurdering av gjennomføring	
Praktisk gjennomføring	<i>Problem med pensum/kompendium? Ja.. Eit kompendium var utsolgt. Studentane var for seine.</i>
Studieinformasjon og dokumentasjon. På papir kontra Miside?	<i>Tilbakemelding på "Oransje hefte" Tilbakemelding på MiSide Heller ikkje dette programmet står i det " Oransje hefte"</i>
Tilgang til relevant litteratur	<i>OK.</i>
Kommentar til karakterfordeling og strykprosent	<i>Eit aktivt og dugande kull.</i>
2. Faglærers (emneansvarleg) vurdering av rammevilkårene:	
Lokaler og undervisningsutstyr	<i>OK</i>
Andre forhold: Forelesningsmateriale (Eks: PPT) i Fillager:	<i>Brukar du "handouts" på forelesing? Brukar du fillager før/etter forelesing? Studentane får utdelt nødvendig materiale på førelesningane</i>
3. Faglærers	<i>Sjå vedlegg frå studentane</i>

(emneansvarleg) kommentar til evalueringar:	
Merknader til studentevalueringa	<i>Kommentarar/merknader til studentane si midtveis-evaluering</i>
Merknader til instituttets evaluering	
Oppsummering av innspill	
Evt. underveistiltak	
4. Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak.	Om du har planar om å endre temabeskrivelse, pensum og undervisning hausten 2011. (Endringar for emnebeskrivelse, sjå neste punkt) Inga endring
Endring av emnebeskrivelse?	<i>Medfører tiltaka endring av emnebeskrivelsen, i så fall kva for nokre</i>

Moment	Merknader frå emneansvarleg
Emne (Kode+tittel)	HIS DIDA HIS2 / HIDID112
Emneansvarleg (Namn)	Inger Lise Sleire
Vurderingselement	
1. Faglærers (emneansvarleg) vurdering av gjennomføring	Semesteret forløp godt, forelesningsplanen ble fulgt. Det var godt oppmøte på forelesningene og justeringer som ble foretatt ble gjort i samsvar med studentene. Kurset ble lagt opp med stor vekt på praksisrelaterte emner, noe som det kom gode tilbakemeldinger på fra studentene.
Praktisk gjennomføring	Kompendium som stod på pensumlisten kom litt seint inn til Studia, men førte ikke til noe stort problem. Noe overlapp på pensum fra DIDA HIS1 til DIDA HIS2, men det ble løst ved å legge til noen relevante artikler. Litt problematisk å samkjøre studenter fra DIDA HIS2 og HIDID112, men med litt fleksibilitet, gikk det bra.
Studieinformasjon og dokumentasjon. På papir kontra Maside?	Maside ble brukt aktivt både til meldinger og til å legge ut informasjon og dokumentasjon i fillageret. Studentene meldte tilbake at de var svært godt fornøyd med bruken av Miside.
Tilgang til relevant litteratur	Ok.
Kommentar til karakterfordeling og strykprosent	0% stryk på begge gruppene, snitt på C på DIDA HIS2 og B på HIDID112. Gruppen på HIDID112 var en liten og homogen gruppe som jobbet svært godt og systematisk underveis i semestertid. Det kan virke fornuftig at denne gruppen fikk noe bedre resultat enn DIDA HIS2 som var en større og mer varierende

	gruppe.
2. Faglærers (emneansvarleg) vurdering av rammevilkårene:	Gode rammevilkår. Noen utfordringer i å samkjøre DIDA HIS2 og HIDID112, men det gikk for det meste greit.
Lokaler og undervisningsutstyr	Godt undervisningsrom med nødvendige tekniske hjelpe midler.
Andre forhold: Forelesningsmateriale (Eks: PPT) i Fillager:	La ut PPT i fillageret i etterkant av forelesningene. La ut undervisningsressurser som studentene kunne bruke i praksis. Hadde god kommunikasjon med studentene via webmail og Miside.
